



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Per Albert Lund, 55 57 21 74

Vår dato
11.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/10765 422.5
Dykkar referanse

Lindås kommune
Arealplan *v/la. landbruksansøkning*
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Spørsmål om deling av eventuell driftseining: Gnr. 61 bnr. 1 og gnr. 70 bnr. 4 i Lindås kommune.

Det vert synt til brev 20.08.2014 frå Lindås kommune til Fylkesmannen som nemnt ovanfor.

Gjeldande delegasjonsreglement for handsaming av saker etter jordlov, konsesjonslov, odelslov og skogbrukslov er vedteke av Landbruksdepartementet 8.12.2003. I § 2 pkt. 3 er Fylkesmannen gjeve mynde til å ta avgjer i sak som gjeld «spørsmålet om en eiendom med flere registernummer må regnes som en driftsenhet etter jordloven § 12, 6.ledd.»

Kjem Fylkesmannen til at det er tale om ei driftseining i høve delingsregelen i jordlova § 12, er det kommunen som på vanlig måte handsamar søknaden om deling (frådeling av eitt av bruksnumera.) Det er altså berre spørsmålet om korvidt det ligg føre ei driftseining i høve til jordlova § 12 som skal avgjerast av Fylkesmannen.

Fylkesmannen si fråsegn:

I delingsregelen i jordlova § 12 lyder 6.ledd slik: «*Føresegne gjeld utan omsyn til om ein eiedom har fleire registernemningar når eiedomen eller ideell del av han er på same eigarhand og etter departementet sitt skjønn må reknast som ei driftseining.*»

I Landbruks- og matdepartementet sitt rundskriv M-1/2013 om omdisponering og deling etter jordlova heiter det i kap. 7.3.4 (s. 16) m.a.: «*Det må foretas en konkret og individuell vurdering.*»

«*Ved vurderingen av om en kan regne eiendommene som en driftsenhet er det av betydning om de ulike eiendommene ligger slik til at de rent faktisk egner seg for å drives sammen. Den driftsmessige avstanden er et moment i vurderingen. Det samme er om eiendommene har vært drevet sammen. Det er ikke noe krav om at eiendommene skal være drevet sammen en viss tid.*»

Fylkesmannen syner til opplysningane om historie, eigartilhøve, areal, bygningar, drift, driftstilhøve m.v. på dei to eigedomane og meiner etter ei samla vurdering at dei to eigedomane ikkje vert å rekne som ei driftseining i høve til jordlova § 12. Det er lagt særleg

vekt på avstanden mellom jordbruksareala på dei to eigedomane og at desse areala er nytta av andre brukarar.

Vedtak:

Fylkesmannen syner til si fråsegn ovanfor og gjer vedtak om at gnr. 61 bnr. 1 og gnr. 70 bnr. 4 begge i Lindås kommune ikkje er å rekne som ei driftseining i høve til jordlova § 12. Det trengs dermed ikkje delingsloyve etter jordlova ved separat overdraging av ein av eigedomane.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Per Albert Lund
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:
Karin Feste Erstadvegen 1 5911 ALVERSUND